




Alver kommune
Havnevegen 41 A
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 350/3 - Øpso - utviding av flytebryggje - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 15.10.20. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot sjø og for arealformål bruk og vern av sjø og vassdrag for utviding av brygge med 5 x 1 meter. Arealet på land har naustformål og kommunen har vurdert at flytebrygge er i samsvar med dette formålet.



Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

I 2015 vart det tatt inn eit område for spreidd næring og eit for flytebrygger, rett nord for omsøkt området, i kommuneplanen. Det vart då utarbeida ei konsekvensutgreiing for desse områda. I konklusjonen til konsekvensutgreiinga står det mellom anna om omsøkt område:

«Vi opnar ikkje opp for flytebryggjer inne i vågen på grunn av det særeigne naustmiljøet og natur og grunnforhold. Det vert difor lagt ut areal for flytebryggjer mot øst og nord for Noteneset.»



Sjølv om det i denne saka dreier seg om ei bryggje og ikkje ei flytebrygge, meiner Fylkesmannen at det konkret er tatt stilling til kor ein skal ha bryggjer i dette området og at meir bygging i omsøkt området er uheldig. Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Det er opplyst at den eksisterande kaien er 16 meter lang. Etter det vi kan forstå har ein då ikkje rekna med området på sida av naustet som også ser ut til å vere opparbeida med kai/platting. Ein utviding av kaien vil føre til ein over 20 meter lang kai ut i ei smal våg, som ifølge konsekvensutgreiinga har «*særeigne naustmiljøet og natur og grunnforhold*».

Det omsøkte området har strandsoneverdiar i form av natur og kulturmiljø. Heile Øpso ligg også i eit område som er kartlagt som eit svært viktig friluftlivområde i naturbase.no. Kommunen bør vere varsam med å gje dispensasjon for utviding av brygger i dette området.

Fylkesmannen er også uroa for uheldige presedensverknader ved ei dispensasjon i denne saka. Etter det vi kan sjå er grunnforholda i sjøen slik at grunngevinga for utviding av brygger i dette området truleg vil vere veldig like i andre sakar. Ein dispensasjon i denne saka kan difor føre til at det vert vanskeleg for kommunen å avslå liknande søknader i dette området.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon for utviding av brygge i denne saka.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional eller statleg myndigheit har uttala seg negativt til søknaden, jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN